

Revidert februar 2022

Kvalitetsplan for Lye ungdomsskule

Introduksjon av verksemda

Lye ungdomsskule ligg på Lye og er ein av ti skular i Time kommune i Rogaland fylke. Skulen ligg midt i eit byggjefelt med Lye skule som næraste nabo. Uteområdet vårt er i seg sjølv lite, men vi har gode naturområde rundt oss som vi bruker. Vi er ein rein ungdomsskule som tek imot elevar frå Lye skule. Elevtalet vårt har gått ned frå ca 220 før 2000 til 122 skuleåret 2021/22 . Skulen sin visjon er: ”Alle elevar skal oppleve læring, meistring og trivsel» ” Læring ser ein i samanheng med meistring og trivsel – ein lærar best når ein trivst på skulen og meistrer det ein gjer.

Me har på lik linje med dei andre skulane i Time kommune, nytta Olweusprogrammet i antimobbearbeidet sidan 2003. Skulen vart sertifisert som ein Olweusskule i 2010.

Det er rektor, avdelingsleiar og sosialrådgjevar som utgjer skulen si Olweusgruppe. Gruppa skal sikra at skulen sitt antimobbearbeid skjer etter standarden i Olweusprogrammet. Skulen har klasseteam anna kvar veke der ein går gjennom status mtp klassemiljøet på alle trinn. Her informerer kontaktlærarar om korleis det går med klassemiljøet, og kva personalet bør vita om ift. pågåande mobbesaka og eventuelle omsyn ein skal ta i den samband. Målet med klasseteam er å få ei oversikt over kva som føregår på skulen, og hindra at antisosiale hendingar får utbreia seg.

Programerklæring

Lye ungdomsskule har nulltoleranse mot mobbing. Målet med antimobbearbeidet vårt er at foreldra som sender ungdommen sin til skulen vår, skal vera trygge på at eleven blir teken vare på. Olweusprogrammet gjev heile personalet ein systematisk reiskap og ei felles plattform i arbeidet mot mobbing. Me arbeider på ulike nivå: elevar, lærarar og andre tilsette skal alle kjenna til, kunne bruka og vita korleis skulen arbeider med antimobbearbeidet. Saman skal me arbeida for å få ned talet på mobbing, slik at alle skal kjenna seg trygge på Lye ungdomsskule.

Utgreiing om kvalitetssikringssystemet

Vi er pålagt å ha internkontroll jf Opplæringslovas § 9a-4. I lova blir det psykososiale miljøet omtalt spesielt. Der blir det slått fast at alle elevar i grunnskulen har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremmar helse, trivsel og læring jf Opplæringslovas § 9a-1. Det blir vidare understreka at skulane aktivt og systematisk må arbeida for å fremja eit godt psykososialt miljø der den enkelte eleven kan oppleva å vera trygg og sosialt å høyra til, jf Opplæringslovas § 9a-3 første ledd.

I august 2017 blei lovverk og aktivitetsplikta til skulen styrka knytta til §9A. Elevar, føresette og tilsette er godt kjende med kva dette vil seia når det gjeld undersøking, aktivitetsplikt og dokumentasjon. Skulen har utarbeidd gode rutinar ved varsling, og me reagerer raskt når me får mistanke om elevar som ikkje opplever å ha det trygt på skulen. Jærskulen har utarbeidd malar og ein «mobbeknapp» som skal sikra varsling og oppfølging. Desse er i bruk ved skulen. Kvart år har vi ein gjennomgang av kvalitetssikringssystemet for å fastslå om aktivitetar og praksis stemmer med det som er planlagt. Denne kvalitetsrevisjonen dannar grunnlaget for vår sertifisering som Olweus-skule.

Hovudkomponentane i System for kvalitetssikring

System for kvalitetssikring av Olweus-programmet har to hovudfundament: Olweus-programmet mot mobbing og antisosial åtferd og Olweus standard. Det inneheld også ei aktivitetskjerne med ei kvalitetssløyfe og ein kvalitetsplan. Det er utvikla prosedyrar for kritiske situasjonar der mobbing skjer eller der det er mistanke om mobbing. I tillegg er skulen sine planlagde og systematiske kvalitetssikringsaktivitetar delt inn i *sjekklister, referat, skjema og prosedyrar*. Det som blir praktisert i samband med kvalitetssikringa, vil bli skriftleg dokumentert. For handtering av avvik er det klare og eintydige rutinar, og det blir dokumentert kva som blir gjort for å følgje opp avvik. Kvart år vil det bli føretatt ein gjennomgang av heile kvalitetssikringssystemet for å fastslå om aktivitetane og praksis stemmer overeins med det som er planlagt. Denne kvalitetsrevisjonen dannar grunnlaget for vår sertifisering som Olweus-skole.

Gjennomføring av kvalitetssikringssystemet

Lye ungdomsskule har lagt opp eit kvalitetssikringssystem som skal ha hovudfokus på rapportering, oppfølging, evaluering og utvikling. Det blir lagt opp til rutinar som er

meningsfulle for involverte partar og som stimulerer til forbetring og utvikling.

Ansvarsforholda i kvalitetssikringssystemet kan oppsummerast i følgjande punkt:

- Skoleeigar har gjennom § 13-10 i opplæringslova ansvar for å sikre at krava i kapittel 9a blir ivaretatt på den enkelte skolen.
- Rektor/skoleleiinga har hovudansvaret for kvalitetssikringsarbeidet ved Lye ungdomsskule jf Opplæringslova § 9a-4.
- Rektor/skoleleiinga har ansvar for ein forsvarlig forvaltningspraksis ved å registrere saker og lage aktivitetsplan lova krev. Sakene skal registrerast i kommunen sitt saksbehandlingssystem.
- Rektor har ansvar for å rapportera om kvalitetssikringsarbeidet til skulemiljøutvalet.
- Skulemiljøutvalet har ein rådgivande funksjon overfor rektor i alt skulemiljøarbeidet.
- Alle i personalet har plikt til å undersøke og rapportere til leiinga ved skolen ved mistanke om mobbing og å gripa inn og stoppa når mobbing skjer jf Opplæringslova § 9a-3.
- Kontaktlærer er hovudansvarleg for å rapportere til rektor/skoleleiing og å setja i verk planlagde førebyggjande tiltak.
- Elevane skal delta som samarbeidspartnarar i kvalitetssikringsarbeidet jf Opplæringslovas § 9a-5.

Oversikt over rapporteringsansvar og beslutningsnivå

Aktivitet	Ansvar for rapportering	Tidspunkt
Sjekkliste rektor	Rektor	Ved slutten av skoleåret
Sjekkliste kontaktlærer	Kontaktlærer	Desember og april
Referat Olweus-møte	Kontaktlærer	Rett etter gjennomførte møte
Sjekkliste personalmøte haust	Rektor	Rett etter gjennomført møte
Sjekkliste personalmøte vår	Rektor	Rett etter gjennomført møte
Referat samtalegrupper	Rektor/avdelingsleiar	Etter gjennomførte møte
Introduksjonskurs	Instruktør	Rett etter gjennomført kurs
Referat introduksjonskurs	Instruktør	Rett etter gjennomført kurs
Sjekkliste elevråd	Kontaktlærer for elevrådet	Etter gjennomførte møte

Referat møte i elevråd	Kontaktlærer for elevrådet	Etter gjennomførte møte
Melding om avvik	Den som oppdagar avviket	Umiddelbart
Avviksbehandling	Rektor	Kontinuerleg
Saksbehandling kapittel 9a	Rektor	Kontinuerleg

Ved Lye ungdomsskule er det oppretta skolemiljøutval jf Opplæringslovas § 11-1a. Eit velfungerande skolemiljøutval er viktig for at arbeidet med å skape eit godt arbeidsmiljø for elevane skal lykkast. Det skal bidra til å skape ryddige tilhøve mellom skule og heim ved at det blir oppretta klare linjer for samarbeidet. Det er eit mål at skulemiljøutvalet skal utøva innverknad gjennom å vera ein utviklingspartner i skulemiljøarbeidet og kvalitetssikra rutinar og prosedyrar. I skulemiljøutvalet ved Lye ungdomsskule er elevane, foreldra, dei tilsette, skuleleiinga og kommunen representerte. Skolemiljøutvalet er sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

Elevane er den primære gruppa i skolen si verksemd, og deira læringsutbytte er avhengig av eit godt læringsmiljø. Elevrådet oppnemner 3 representantar til skolemiljøutvalet. Elevane blir tatt med i planlegging og gjennomføring av det systematiske arbeidet ved skolen jf § 9a-5 om elevdeltaking i skulemiljøarbeidet. Som elevrådsrepresentantar eller elevrepresentantar i skolemiljøutvalet, skal det vere mogleg for elevane å påverka og bidra i dette arbeidet.

Prosedyrer

Det er svært viktig å sikre trygg sakshandsaming i mobbesaker, og skulen har rutinar og prosedyrar for å kvalitetssikre alle meldingar på dette område og dei vert handsama etter forvaltningslova. Svar vert gitt innan fem dagar etter at varsling kjem, og det blir då utarbeidd ein aktivitetsplan med tiltak saman med elevar og føresette. I aktivitetsplanen blir det avsett tidspunkt for evaluering av tiltak. I dette møtet blir saka avslutta eller vidareført med nye tiltak og ny evaluering. Dette skjer i samråd med elev og føresette. All dokumentasjon blir arkivert i eleven sin journal.

[Udir om aktivitetsplikt](#) (ny forskrift pr. 1.8.17)

Ei varsling kan kome både frå elevar, føresette, lærarar og andre.

Prosedyre	Ansvar	Utført, dato
Varsling skal leverast til rektor Info til kontaktlærar.	Den som tek imot varslinga	
Meldaren skal ha førebels svar på at varsling er motteke, og det blir laga ein aktivitetsplan		
Informasjon til faglærarar som er involverte i gruppa. Høyre med dei om dei har registrert noko spesielt med dei aktuelle elevane. Informasjon heim til den eleven varslinga gjeld.	Kontaktlærar	
Fokusert observasjon av dei aktuelle plagarane og den utsette eleven både i skulegarden , klasserommet og elles i elevgruppa.	Faglærarar/kontaktlærar/andre involverte vaksne	
Observasjonane skal dokumenterast i loggbok eller skriftleg referat.	Kontaktlærar/faglærarar/andre involverte vaksne	
Forslag til tiltak for å skaffe informasjon: 1.Ta opp temaet trivsel på Olweusmøtet -og be elevane skrive ned korleis dei ser på trivsel i gruppa. 2.Korte personlege intervju med alle i gruppa. Eventuelt berre med 5-6 elevar. 3.Sosiometrisk undersøking – sosiogram/klasse-trivsel 4.Eventuelt loggbok	Kontaktlærar	
Kontakte dei andre føresette for å få meir informasjon.	Kontaktlærar	
Oppsummerande møte med kontaktlærar/faglærar/ rektor	Kontaktlærar	
Aktivitetsplan skal utformast og evaluerast etter ny forskrift pr. 1.8.17. Tilbakemelding skal vera gitt til meldar innan det har gått 5 dagar.	Rektor	

Plan over Olweusarbeidet på trinn

Trinn	Tema	Metode
8.	<p>Hovudtema: NY PÅ SKULEN, VENNSKAP, KLASSEMILJØ, SAMARBEID, EMPATI</p> <p>Gjennomgang av mobbereglane. Sjekka at plakatane heng oppe</p> <p>Aktivitet i samband med nasjonal mobbekampanje v. 36</p> <p>Skriva logg for å høyra korleis elevane opplever overgang til ny skule, ny klasse Sosiometrisk undersøking</p> <p><u>Tips til samtale:</u> kva er ein god venn? Trivsel, kva er med på å skapa eit godt miljø? Korleis kan du bidra? Korleis få venner?</p> <p><u>Drama:</u> utestengjing. Visa empati: case og diskusjon.</p> <p><u>Digitalmobbing:</u> kurs: korleis ta screenshot, kva er forskjellen på venner på nett og elles? Kva legg me ut på nettet?</p> <p>Gjennomføra Olweusundersøking, gå gjennom definisjonar</p> <p>Gjennomgå resultatet frå Olweusundersøkinga Materiell</p> <p>Film: Sommerfugleffekten, Være venner: nrkSuper, PitbullTerje</p> <p>Bøker: <i>Lek på ramme alvor</i>, Thor Annika Pitbullterje, Endre Lund</p> <p>Novelle: Innflytteren, frå novellesamlinga Svart salt og gule toner</p>	<p>Snakka om Olweusarbeidet på skulen på foreldremøte på hausten, kva forventer me av heimen: læringsplakaten</p> <p>Snakka om resultatet av Olweusundersøkinga på våren</p> <p>Fast tema på samtalar</p> <p>Kontakt med føresette</p>

	Ansvar kontaktlærer	
9.	<p>Hovudtema: GRUPPEPRESS, GRENSESETJING, GUTTE OG JENTEMOBBING, SJØLVHEVDING</p> <p>Repetisjon av mobberegane. Sjekka at plakatane heng oppe</p> <p>Aktivitet i samband med nasjonal mobbekampanje v. 36</p> <p><u>Tips til samtale:</u> Ha fokus på klassemiljø, gruppepress. Å få andre til å gjera noko gale. Korleis setja egne grenser? Skilnad på gutter og jenter, mobbing og generelt.</p> <p><u>Drama:</u> Å få vera med i gruppa. Gruppepress. Ta val.</p> <p><u>Digitalmobbing:</u> kurs: korleis ta screenshot. Kva er rett og gale på nett? Korleis setja grenser på nettet?</p> <p>Gjennomføra Olweusundersøking, gå gjennom definisjonar</p> <p>Gjennomgå resultatet frå Olweusundersøkinga</p> <p>Materiell</p> <p>Film: Let's fight it together, Cyberbullying</p> <p>Bøker: <i>Det som er sant</i>, Magnhild Bruheim (nettmobbing, gruppepress),</p> <p style="padding-left: 40px;">Bitching</p> <p>Novelle: Svart Salt, frå novellesamlinga Svart salt og gule toner</p> <p>Ansvar kontaktlærer</p>	<p>Snakka om Olweusarbeidet på skulen på foreldremøte på hausten</p> <p>Snakka om resultatet av Olweusundersøkinga på våren</p> <p>Fast tema på samtalar</p> <p>Kontakt med føresette</p>

<p>10.</p>	<p>Hovudtema: PSYKISK HELSE, SNART NY IGJEN, Å VERA ANSVARLEG</p> <p>Repetisjon av mobberegane. Sjekka at plakatane heng oppe</p> <p>Aktivitet i samband med nasjonal mobbekampanje v. 36</p> <p><u>Tips til samtale:</u> Stress. Korleis halda på ein god venn? Kva er viktig å tenka på i overgang til ny skule, hugs korleis det var å vera ny.</p> <p>Vennskap, nytt og gammalt. Å ta ansvar for det ein har gjort, val ein har tatt.</p> <p><u>Drama:</u> Idol.</p> <p><u>Digitalmobbing:</u> kurs: korleis ta screenshot. Kva gjer likes og antal følgjarar på nettet med sjølvkjensla vår?</p> <p>Gjennomføra Olweusundersøking, gå gjennom definisjonar</p> <p>Gjennomgå resultatet frå Olweusundersøkinga</p> <p>Materiell</p> <p>Film: Gjenforeningen.</p> <p>Bøker: Kvifor sa vi ingenting? Jan De Sanger</p> <p>Novelle: <i>Stjernene</i>, frå novellesamlinga <i>Dugg</i></p> <p>Ansvar kontaktlærer</p>	<p>Snakka om Olweusarbeidet på skulen på foreldremøte på hausten</p> <p>Snakka om resultatet av Olweusundersøkinga på våren</p> <p>Fast tema på samtalar</p> <p>Kontakt med føresette</p>
<p>Elevråd</p>	<p>Fast tema på to møter</p>	

Personal	Seks møter i løpet av året	
----------	----------------------------	--

Tiltaksplan

Kva	Når	Ansvar	Dokumentasjon
Personalmøte. Innhold: Gjennomgang av Kvalitetsplan Gjennomgang av ordensreglane for skulen Inspeksjon. Gjennomgang av rutinar.	Ved semesterstart vår og haust	Administrasjon	Eige skjema
Samtalegrupper i personalet	5 gonger	Administrasjonen. Alle	Eige skjema
Klassemøte med tema mobbing og andre tema som liknar. Dei første skal innehalda: <ol style="list-style-type: none"> 1. Kva er mobbing? 2. Gjennomgang av mobberegane 3. Gjennomgang av mobbesirkelen 	2 pr. måned August/ september	Kontaktlærer	Eige skjema
Elevsamtalar	Minimum 2 pr. semester	Kontaktlærer	Eige skjema
Logg	Ved behov	Kontaktlærer	
Kartlegging av elevar som treng ekstra oppfølging i friminutta	Heile året	Alle	Skjema – dersom ein oppdagar noko.
Mobbing tema for elevrådet	Vår og haust	Kontaktlærer elevråd	Eige skjema
Foreldremøte	Ved skulestart. Etter resultat av undersøkinga.	Kontaktlærer	Eige skjema
Gjennomføring av	Haust	Kontaktlærer/	Resultat

spørjeundersøking		sosiallærer	
Gjennomgang av resultat for spørjeundersøkinga a) personalet b) elevrådet c)elevane d)foreldre	Med ein gong skulen har tilgang.	a) Administrasjon b) Kontaktlærer elevråd c) Kontaktlærer og tillitsvald i klassen d) Trinnleiar - kontaktlærer	Eige skjema
Tiltak i høve til spørjeundersøkinga	Når res. er gjennomgått	Administrasjon, trinnleiar	Eigen tiltaksplan om nødvendig
Innføringskurs for nye tilsette	2 halve dagar sept./okt.	Nytilsette	Referat
Evaluering av planen	Slutten av vårsemesteret	Administrasjonen, alle	Skjema. Referat

Oppsummering

Målet med denne kvalitetsplanen er å redusera mobbinga ved Lye ungdomsskule og å bidra til eit godt miljø på dei ulike nivåa: klasse, trinn og skule. Me må jobba systematisk og i lag for å nå dette målet. Alle skal kjenna seg trygge på Lye ungdomsskule!